

Forslag til ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (sektoravgiftsforskrifta)

Heimel: Fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet xx.xx.xxxx med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon § 10-8, § 11-6 og § 12-1, jf. funksjonsfordeling 17. mars 2017 nr. 338 innen myndigheten etter ekomlov, lov 15. juni 2018 nr. 44 om gjennomføring av EUs forordning om elektronisk identifikasjon og tillitstjenester for elektroniske transaksjoner i det indre marked, jf. forskrift 21. november 2019 nr. 1578 om selvdeklarasjon av ordninger for elektronisk identifikasjon § 15, lov 7. mai 2020 nr. 40 om tilrettelegging for utbygging av høyhastighetsnett for elektronisk kommunikasjon § 22, lov 4. september 2015 nr. 91 om posttjenester § 53, jf. delegeringsvedtak 10. januar 2020 nr. 33

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å finansiere Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sine oppgåver gjennom sektoravgifter og gebyr slik at Nasjonal kommunikasjonsmyndighet er sjølvfinansiert. Midlane skal nyttast best mogleg for å nå målsettingane med ekomloven, bredbåndsutbyggingsloven, lov om elektroniske tillitstjenester, postloven og Nasjonal kommunikasjonsmyndighets arbeid etter sikkerhetsloven.

§ 2. Fordelinga mellom aktørane

Statsbudsjettet fastslår kvart år inntektsløyvinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, som er summen Nasjonal kommunikasjonsmyndighet kan krevje inn i sektoravgift og gebyr. Sektoravgifta blir berekna etter anslått ressursbruk for oppgåvene Nasjonal kommunikasjonsmyndighet utfører. Av det årlege beløpet kan Nasjonal kommunikasjonsmyndighet krevje inn

1. 53,8 % frå
 - tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste,
 - utbyggjarar av breiband og nettoperatørar,
 - tilbydarar etter lov om elektroniske tillitstenester,
 - datasenteroperatørar
 - innehavarar av løyve til å bruke nummer-, namn- og adresseressursar,
 - verksemd som deler ut domenenamn under norske landtoppdomene
2. 35,5 %
 - frå innehavarar av frekvensløyve,
 - for koordinering av satellittsystem
3. 7,3 % frå
 - registrerte importørar, produsentar og radioforhandlarar,
 - innehavarar av løyve for aeromobilt utstyr, nødpeilesendarar og anna radioutstyr,
 - autorisert verksemd
4. 3,4 % frå tilbydarar av posttenester.

Løyvinga i statsbudsjettet til Radiostøykontrollen reduserer sektoravgifta for frekvensløyve og koordinering av satellittsystem, jf. fyrste ledd nummer 2. Løyvinga i statsbudsjettet til administrasjon av statleg tilskott til breiband fordelast på forvaltningsområda.

§ 3. Fordelinga mellom sektoravgifter og gebyr

Gebyrinntekta for kvart forvaltningsområde blir trekt frå berekna sektoravgift for det relevante

området og reduserer sektoravgifta som kan krevjast inn frå kvart område.

§ 4. Periode for sektoravgift og gebyr

Sektoravgift skal betalast kvart år for heile kalenderåret når løyvet, registreringa eller autorisasjonen er gyldig 1. januar.

Det skal betalast sektoravgift for heile kalenderåret for registreringar, løyve og autorisasjonar gitt mellom 1. januar og 1. juli. Blir det gitt registreringar, løyve eller autorisasjonar etter 1. juli, skal det betalast halv sektoravgift.

Løyve, registrering eller autorisasjon som er sagt opp før 1. januar, skal det ikkje betalast sektoravgift for det følgjande året.

Gebyr er eingongsgebyr.

§ 5. Regulering av beløp og satsar

Departementet kan årleg utan høyring, jf. forvaltningsloven § 37 fjerde ledd bokstav c, fastsette endringar i forskrifta som justerer sektoravgift og gebyr i samsvar med prosentvis endring i Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine løyvingar i statsbudsjettet.

§ 6. Sektoravgift og gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresser

Sektoravgifta for løyve til å bruke nummer i norsk nummerplan for telefon m.m. (E.164) er

1. for 8- og 12-sifra nummer kr 12 530, eller der dette gir høgare avgift
 - a. for 8-sifra nummer i 8xx-serien kr 0,18 for kvart nummer
 - b. for nummer i seriane 2, 3, 5, 6, og 7 kr 0,03 for kvart nummer
 - c. for 8-sifra nummer i seriane 4 og 9 kr 0,12 for kvart nummer
2. for 4-sifra nummer i serien 18xx kr 3 750 for kvart nummer
3. for 5-sifra nummer kr 2 000 for kvart nummer
4. for 6-sifra EØS-harmoniserte nummer kr 2 500 for kvart nummer
5. for kvart prefiks for val av tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett som blir brukt til offentleg tilgjengeleg elektronisk kommunikasjonsteneste kr 3 750.

Sektoravgifta for løyve til å bruke nummer i andre nasjonale, obligatoriske nummerplanar er

1. for X.121 DNIC kr 3 750
2. for X.121 PNIC (DNIC + 2 eller 3 siffer) kr 3 750
3. for E.118 kortutgivarkode (IIN) kr 3 750
4. for E.167 ISDN-nettkode for lukka brukargrupper kr 3 750
5. for E.212 mobil nettkode (MNC) kr 3 750
6. for E.214 nettkode (NC) for landmobile nett kr 3 750
7. for Q.704 punktkodar for nasjonal signalering (NI=3) uavhengig av kor mange punktkodar som blir disponerte kr 3 750
8. for Q.708 punktkodar for internasjonal signalering (NI=0) *kr 3 750 for kvar punktkode*
9. for T.35 leverandørkode kr 3 750
10. for tilbydarkode for tilbydarportabilitet kr 3 750.

Gebyr for løyve til å bruke og registrere nummerressursar etter frivillige nummerplanar er
kr 1700

1. for registrering av ADMD domenenamn for X.400 elektronisk post
2. for registrering av PRMD domenenamn for X.400 elektronisk post
3. for løyve til å bruke EDI-identifikator for bruk i EDIFACT
4. for løyve til å bruke ISO-DCC nettadresse (NSAP-adresse)

5. for løyve til å bruke objektidentifikator.

§ 7. Sektoravgift for tillitstenester

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak fastsetje ei sektoravgift for tilbydar av tillitstenester som er registreringspliktig, i tillegg til sektoravgift for frivillige sertifiserings-, godkjennings- eller sjølvdeklarasjonsordningar etter lov om elektroniske tillitstjenester. Sektoravgifta må ikkje overstige kostnadene ved tilsynet si verksemd, jf . lov om elektroniske tillitstjenester § 7.

§ 8. Sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak fastsetje ei sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn under norske landkodedetopdomener.

§ 9. Sektoravgift for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak fastsetje og krevje inn ei sektoravgift frå tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste i samsvar med ekomloven § 12-1 [ny ekomlov § 17-1] og bredbåndsutbyggingsloven § 22. Det omfattar også forvaltningsoppgåver som sektormyndigheit for elektronisk kommunikasjon og datasentre etter sikkerhetsloven.

Sektoravgifta som skal fordelast mellom tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste er samla sektoravgift etter § 2 første ledd nummer 1 etter frådrag for sektoravgifter og gebyr etter § 6, § 7, § 8 og § 10.

Beløpet etter andre ledd skal fordelast forholdsmessig mellom tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste. Kvar tilbydar skal betale ein del av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin del av den samla relevante omsetninga. Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste knytt til eksternt sal i konsern eller selskap og geografisk avgrensa til Noreg. Omsetning knytt til innhald, til dømes TV-innhald, blir ikkje rekna som omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste.

Det gis eit botnfrådrag på 43 millionar kroner for konsern eller selskap, slik at sektoravgifta blir berekna av omsetning som overstig 43 millionar kroner i siste rekneskapsåret før sektoravgiftsperioden.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan fordele sektoravgifta etter andre kriteria enn omsetning, for å oppnå ei betre forholdsmessig fordeling av sektoravgifta. Kriteria kan mellom anna vere brøkdelen av talet på abonnentar eller brøkdelen av trafikkvolum på sluttbrukarnivået. Blir eit anna kriterium nytta, skal det gjelde for heile marknader eller delar av enkeltmarknader så langt det går. Sektoravgifta skal også etter slike kriteria fordelast etter prinsippet for omsetninga. Det same gjeld vurderinga av samla aktivitet, talet på abonnentar, trafikkvolumet i konsern eller andre grunnlag for fordelinga. Botnfrådraget i femte ledd gjeld tilsvarande.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak nærmare fastsetje kva slags relevant omsetning som omfattast og skal leggjast til grunn for berekninga av sektoravgifta.

§ 10. Sektoravgift for datasenteroperatør

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak fastsetje og krevje inn ei sektoravgift frå datasenteroperatør som

1. tilbyr andre tilgang til datasentertjeneste mot vederlag,

2. driv datasenter med en abonnert elektrisk effekt på meir enn 1 MW, eller
3. er underlagt sikkerhetsloven.

Sektoravgifta skal fordelast forholdsmessig mellom datasenteroperatørar etter fyrste ledd.

§ 11. Sektoravgift for tilbydar av postteneste

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak fastsetje og krevje inn ei sektoravgift frå tilbydar av postteneste i samsvar med postloven § 53.

Sektoravgifta som skal fordelast mellom tilbydarar av posttenester er samla sektoravgift etter § 2 første ledd nummer 4.

Beløpet etter andre ledd skal fordelast forholdsmessig mellom tilbydarar av posttenester. Kvar tilbydar skal betale ein del av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin del av den samla relevante omsetninga i marknaden for posttenester i samsvar med postloven og geografisk avgrensa til Noreg.

Det gis eit botnfrådrag på 23 millionar kroner for konsern eller selskap, slik at sektoravgifta blir berekna av omsetning som overstig 23 millionar kroner i siste rekneskapsåret før sektoravgiftsperioden.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan fordele sektoravgifta etter andre kriteria enn omsetning, for å oppnå ei betre forholdsmessig fordeling av sektoravgifta. Botnfrådraget i femte ledd gjeld tilsvarande.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i enkeltvedtak nærmare fastsetje kva slags relevant omsetning som omfattast og skal leggest til grunn for berekninga av sektoravgifta.

§ 12. Gebyr for radioamatørløyve

Innehavar av eit radioamatørløyve skal betale kr 2 000 i gebyr ved tildelinga av løyvet.

Innehavaren skal betale kr 1 000 i gebyr ved endringar i kallesignal, tildeling av eigne kallesignal til enkeltståande arrangement og tildeling av eigne kallesignal til grupper, klubbar og foreiningar.

§ 13. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio og lågeffektsystem

Innehavarar av sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio skal betale kr 820 i sektoravgift for kvar basestasjon og kr 280 i sektoravgift for kvar mobile stasjon.

Gebyret for kvar ekstra ein-frekvenskanal til gjeldande løyve er kr 440. Innehavar av sendarløyve for lågeffektsystem skal betale kr 820 i sektoravgift.

Innehavar av sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio eller lågeffektsystem til enkeltståande arrangement eller med tilsvarande kort varigheit skal ved tildeling betale kr 250 i gebyr for kvart løyve. I tillegg skal innehavar betale kr 100 i gebyr for kvar kanal løyvet gjeld.

§ 14. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve i frekvensband over 30 MHz som er planlagt for kringkastingstenester

Innehavar av sendarløyve for andre kringkastingsnett i frekvensband over 30 MHz som ikkje er riksdekkjande skal betale ei sektoravgift på kr 2 500 for kvart nett. I tillegg skal innehavar betale følgjande sektoravgift for kvar sendar innehavar har, avhengig av sendareffekt:

1. Kr 590 for sendareffekt mindre enn 50 W

2. Kr 990 for sendareffekt frå 50 W til 1000 W
3. Kr 1 970 for sendareffekt frå 1000 W.

Innehavar av sendarløyve til enkeltstående arrangement eller med tilsvarande kort varigheit, i frekvensband over 30 MHz som er planlagt for kringkastingstenester, skal betale kr 3 000 i gebyr ved tildelinga av løyvet.

§ 15. Sektoravgift for sendarløyve som ikkje fell inn under § 13, § 14 og § 17

Innehavar av jordstasjonar for satellitt skal betale ei sektoravgift på kr 7 530 for kvart frekvensband det blir sendt i for kvar jordstasjon. Innehavar av jordstasjonar på Svalbard og i Antarktis skal i tillegg betale ei sektoravgift på kr 7 530 for kvart frekvensband det blir mottatt signal i for kvar jordstasjon.

Innehavar av stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt og punkt til multipunkt, skal betale sektoravgift avhengig av utstrålt effekt (e.r.p.). Avgifta skal være kr 270 for kvar sendar for stasjonar med effekt under eller lik 0,5 W og kr 780 for kvar sendar for stasjonar med effekt høgare enn 0,5 W.

Innehavar av sendarløyve som ikkje inngår i andre eller tredje ledd, skal betale sektoravgift for kvar sendar innehavar har avhengig av bandbreidde og frekvensband sendarane bruker, som det går fram av tabellen under. Dersom det nyttast MIMO-teknologi mellom to punkt, skal det berre betalast ei sektoravgift per stasjon for same frekvens, polarisasjon og bandbreidde.

<i>Frekvensband</i>	<i>Bandbreidde</i>	<i>Pris per sendar i kr</i>
Lågare enn 1 GHz	Til og med 25 kHz	760
Lågare enn 1 GHz	Over 25 kHz til og med 150 kHz	1020
Lågare enn 1 GHz	Over 150 kHz	1700
Frå og med 1 GHz og lågare enn 5,15 GHz	Til og med 2 MHz	1020
Frå og med 1 GHz og lågare enn 5,15 GHz	Over 2 MHz	1700
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Til og med 25 MHz	640
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	740
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 49 MHz til og med 70 MHz	850
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 70 MHz	850
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Til og med 25 MHz	420
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	640
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 49 MHz til og med 90 MHz	740
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 90 MHz til og med 150 MHz	740
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 150 MHz	740
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Til og med 25 MHz	320
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	530
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 49 MHz til og med 90 MHz	850
Frå og med 20 GHz og lågare enn 57 GHz	Over 90 MHz til og med 150 MHz	850
Frå og med 20 GHz og lågare enn 57 GHz	Over 150 MHz	850
Frå og med 57 GHz		170

§ 16. Sektoravgift for spektrumsløyve

Det samla beløpet som blir krevje inn frå innehavarar av spektrumsløyve etter denne paragrafen, er beløpet etter § 2 første ledd nummer 2 etter frådrag for sektoravgift og gebyr etter § 12 til § 15 og § 17.

Innehavarane av spektrumsløyve skal betale ei sektoravgift som består av to delar utrekna slik:

1. 20 % av beløpet etter første ledd blir fordelt mellom innehavarane av spektrumsløyve med ein lik del for kvar samanhengande frekvensblokk dei disponerer.
2. 80 % av beløpet etter første ledd blir fordelt mellom innehavarane av spektrumsløyva i høve til Nkoms ressursbruk og bandbreidda som kvart spektrumsløyve omfattar. Dette gjerast slik at beløpet blir fordelt på kvar samanhengande frekvensblokk som kvart spektrumsløyve omfattar ved at vekta bandbreidde rekna ut etter tredje ledd, blir delt på den samla vekta bandbreidda for alle spektrumsløyva det skal betalast sektoravgift for etter denne paragrafen, og multiplisert med beløpet etter første punktum.

Kvar samanhengande frekvensblokk eit spektrumsløyve omfattar blir tilordna ei vekt i høve til bandbreidda og ei vekt i høve til Nkoms ressursbruk. Vekta bandbreidde blir rekna ut ved at vekta i høve til bandbreidda blir multiplisert med vekta i høve til Nkoms ressursbruk. Vekta i høve til bandbreidde er lik $1/f$, der f er senterfrekvensen i det frekvensbandet frekvensblokk ligg i. Vekta i høve til Nkoms ressursbruk følger av tabellen under. For frekvensband som ikkje er nemnde i tabellen, vert vekta lik 1. For regionale løyve blir vekta multiplisert med brøkdelen av befolkninga i Noreg som er busett i dekningsområdet for løyvet. For løyve som gjeld på Svalbard blir vekta multiplisert med $1/100$. For løyve som gjeld offshore blir vekta multiplisert med $1/5$.

Frekvensband	Vekt
0–30 MHz	0,025
47–68 MHz	0,1
137–174 MHz	4,0
174–240 MHz	7,0
380–400 MHz	3,0
400–470 MHz	6,0
470–694 MHz	3,0
738–758 MHz	7,0
703–733/758–788 MHz	7,0
791–821/832–862 MHz	8,0
876–880/915–925 MHz	4,0
880–915/925–960 MHz	9,0
1427–1517 MHz	2,5
1710–1785/1805–1880 MHz	17,0
1920–1980/2110–2170 MHz	20,0
2500–2690 MHz	9,0
3400–3800 MHz	6,0
25100–27500 MHz	6,0

§ 17. Andre sektoravgifter og gebyr for frekvensløyve og koordinering av satellittsystem

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje ei sektoravgift for:

1. internasjonal koordinering av satellittsystem,
2. tildeling av løyve og tilsynsførsel med jordstasjonar for satellitt på Svalbard og i

- Antarktis,
3. frekvensløyve til Forsvaret,
 4. sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester med sendarar i frekvensband lågare enn 30 MHz,
 5. sendarløyve for lokale, private nett i 3800-4200 MHz-bandet og 26 GHz-bandet,
 6. frekvensløyve for maritim radioverksemd, og
 7. for frekvensløyve til luftfartsverksemd.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje gebyr eller sektoravgift for frekvensløyve som ikkje er omfatta av første ledd eller § 12 til § 16.

§ 18. Sektoravgift og gebyr for løyve for aeromobilt radioutstyr

Gebyr for registrering av installert radioutstyr i luftfartøy er

1. for fullt utstyrt luftfartøy over 9 000 kg, kr 1 450
2. for fullt utstyrt luftfartøy under 9 000 kg, kr 1 050
3. for luftfartøy som ikkje er fullt utstyrt, kr 600.

Sektoravgifta for løyve for aeromobilt radiokommunikasjonsutstyr, radionavigasjonsutstyr, pulsutstyr og nødpeilesendar (ELT) om bord i luftfartøy, er kr 600.

Sektoravgifta for løyve for terminalutstyr om bord i luftfartøy er kr 600.

Sektoravgift for løyve for radioutstyr som kan overføre data eller tale på landmobile, maritime eller private kanalar om bord i luftfartøy, er kr 600.

§ 19. Sektoravgift for løyve for personleg nødpeilesendar

Sektoravgifta for løyve for ein personleg nødpeilesendar er kr 470.

§ 20. Sektoravgift for registrert leverandør eller radioforhandlar

Sektoravgifta for ein registrert leverandør av radio- og terminalutstyr er kr 9 000.

Sektoravgifta for ein registrert radioforhandlar er kr 1 900.

§ 21. Sektoravgift for autorisert verksemd

Sektoravgifta for ein autorisasjon er kr 5 000.

§ 22. Unntak

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i særlege høve dispensere frå reglane i forskrifta.

Stor variasjon i sektoravgifta og gebyr frå eit år til det neste kan reknast som særleg høve etter fyrste ledd.

§ 23. Klageinstans

Departementet avgjer klage på enkeltvedtak som Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit fattar med heimel i forskrifta.

§ 24. Sanksjonar

Blir ikkje sektoravgifter eller gebyr betalt, kan Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

trekkje tilbake løyve, nekte bruk og nekte å utferde nye løyve.

Bruk av sanksjonar endrar ikkje plikta til å betale fastsett sektoravgift eller gebyr.

§ 25. Iverksetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2024, med unntak av § 2-første ledd nummer 1 fjerde strekpunkt, og § 9 første ledd siste punktum og § 10 som tek til å gjelde frå det tidspunkt departementet fastsett.